



**- Vi kjem slett ikkje til å rømme frå Uskedalen og Noreg, seier Elin Enes som saman med familien sin skal opphalda seg i Spania kommande vinter. Opphaldet kjem heller ikkje til å bety nedtrapping for Elins Matgleder eller avvikling av verksemda på Rabben.**

**Elin, mannen Geir og borna Anine (15), Oliver (10) og Linnea (7) var eit år i Benalmadena ved Malaga også for 5 år sidan og vendar tilbake dit. Borna skal igjen gå på den norske skulen som har 100 elevar og eit godt omdømme. Geir har ein internasjonal jobb som han utøva like godt frå Spania som frå Noreg. Og Elin held det gåande i Kvinnherad med gode hjelparar.**

- Eg har tilsett Sara Arnesen som kokk og Silje Margrethe Eikgjerde tek ein pause som lærling for å vera hjelpearbeidar i Elins Matgleder. Sjølv held eg tett kontakt med dei og kjem heim når vi har særleg viktige oppgåver, til dømes konfirmasjonen, fortel Elin.

Hausferie og 3 vekers juleferie er 2 andre opphald heime. Den populære matprodusenten strekar under at dei som har bestilt ikkje vil bli svikta.

- Men det vert sal av Øyro Marina?

- Det vert det slett ikkje, vi kjem berre til å leggja om drifta litt, til heilårsutleige og toalett i alle dei 10 vognane. Vi set med andre ord strek over turismen. Den er i alle høve ein geskjeft som ikkje gjev noko i kassa.

Geir jobbar for 2 norske firma i oljebransjen - Advantec og Rapp Marine - og kjem til å halda fram med det. Serbia, Litauen og Noreg er viktige knaggar i verksemda. Geir har til dømes nett no vore 4 veker i Litauen og USA står også på programmet.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen.

-